

MERKNADSSKJEMA – OPPSUMMERING OG KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER -
PLANOPPSTART

Plannamn	Reguleringsendring – Områdeplan for Matre
Arealplan-ID	463420200001
Saksnummer	20/234
Utarbeida av	ABO Plan og Arkitektur AS
Datert/Revidert	26.05.2020

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / uttale	Forslagsstillars kommentar
<p>Statens vegvesen Postboks 1010 Nordre Ål 2605 Lillehammer</p> <p>Datert 27.03.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> E39 forbi planområdet har fartsgrense 50 km/t. Fartsgrensa på begge sider er 80 km/t. Det er ikkje alle som overheld fartsgrensa i den relativt korte 50-sona- Planområdet har tilkomst frå E39 gjennom ei avkøyrsla i sør ved anlegget til BKK. Området har også tilkomst frå E39 lenger nord via Fv5442. I dette krysset med E39 bør det etablerast fysisk trafikkøyr i fylkesvegen og vegsystemet må gjerast tydlegare med eit markert skilje mellom veg og næringsareal. Avkøyrsla sør i planområdet er utflytande. Plasseringa er ueheldig med busslomme og kryss med Fv5446 på sørsida av E39. Det er registrert 2 trafikkulykker på E39 i området, der den eine er påkøyring bakfrå. Statens vegvesen rår til at denne avkøyrsla vert stengd for biltrafikk og at vegsystemet internt i planområdet blir planlagt ut frå tilkomst frå fylkesvegen til Stordalen. Stenging av avkøyrsla ved BKK sitt anlegg opnar for å bygge passeringslomme ved krysset til Fv5446 og for flytting av busslomme på austsida av E39. I planområdet er det fylkesveg og kommunal veg. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomme på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene. Dersom det vert planlagd fråvik frå vegnormalane, legg Statens vegvesen til grunn at dei kjem klart fram av planomtalen, og at fråvikssøknader er avklara med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Statens vegvesen legg til grunn at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert vist i plankart og sikra gjennom rekkefølgekrav i føresegnene. Statens vegvesen ber om å få vegteikningar for riksveg/kryss med riksveg tilsendt for gjennomsyn før planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det vert gjort merksam på at før andre enn Statens vegvesen kan utbetre/byggje ut riksvegstrekingar, kryss, avkøyrslar eller andre tiltak knytt til riksveg må det vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og utbyggjar. 	<ol style="list-style-type: none"> Planforslaget legg til rette for utbetring av krysset mellom E39 og Fv5442 Stordalsvegen. Grunna BKK Produksjon AS sitt behov for spesialtransport inn til kraftstasjonen i Matre er det ikkje planlagt fysisk deleøy i krysset. Avkøyrsla frå E39 til BKK Produksjon AS sin transformatorstasjon er i planforslaget vist som stengt. Ny tilkomst vil bli via Fv5442 Stordalsvegen og kommunal veg Stien. Det er i samråd med Statens vegvesen forslått ny plassering av busslomme, fotgjengarkryssing og passeringslomme. Det er undervegs i planprosessen gjennomført dialog med Statens vegvesen for trafikale løysingar knytt til E39. Teken til orientering. Evt. fråvik vil bli avklara med Statens vegvesen. Tiltak med flytting av busslomme, etablering av gang- og sykkelveg og flytting av kryssingspunkt er sikra med rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene. Teken til orientering. Tekniske teikningar vil følge planforslaget ved offentleg ettersyn. Teken til orientering. Evt. gjennomføringsavtale for tiltak langs E39 vil bli avklara som vidare del av prosessen.

<p>NVE Naustdalsvegen 1B 6800 Førde</p> <p>Datert 21.02.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. NVE ser det som naudsynt å få gjennomført fagkyndig skredfarevurdering som del av reguleringsendringa. Dette med bakgrunn i nye aktsemdkart for skredfare i bratt terreng og skjerpa tryggleikskrav og nye/betre metodar for kartlegging av skredfare. 2. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred. Til arbeidet med skredfarekartlegging må det nyttast tilstrekkeleg kompetanse og skredfarekartlegginga må underleggjast sidemannskontroll eller av uavhengig part. Dersom skredfaren er reell må det definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i byggtknisk forskrift (TEK17). Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen. Til omsynssoner må det knytast føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår NVE til å dei aktuelle områda vert teke inn i planen. 3. Planområdet strekk seg ned til Matreselva. Aktsemdkart for flaum byggjer på ei estimert maksimal vasstandstigning på 6,9 m over normalvassføring. Dersom planen legg opp til utbygging lågare enn dette, må fagkyndige vurdere flaumfare. Areal utsett for 200 års flaum må syne i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare. Til omsynssona må det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum før utbygging kan finne stad. 4. NVE viser til statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og ber om at klimaframskrivne flaumstorleikar vert nytta i plankartet. 5. Matre er eit knytopunkt kva gjeld høgspenteleidningar i regionalnettet. Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå plan- og bygningslova. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar må settast av som omsynssoner H740 i plankartet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er gjennomført skredfarekartlegging for planområdet. Skredfarevurderinga ligg som vedlegg til planmaterialet. 2. Teken til orientering. Det er i gjennomført skredfarekartlegging nytta firma med tilstrekkeleg kompetanse og gjennomført sidemannskontroll. Som vedlegg til skredfarekartlegginga ligg det faresonekart i samsvar med tryggleikskrava i TEK17. Faresoner er innarbeidd i plankart og sikra med føresegner. 3. Det er som del av planarbeidet gjennomført flaumsonekartlegging. Flaumsoner er innarbeidd i plankart og sikra med reguleringsføresegner. 4. Det er i gjennomføring av flaumkartlegginga nytta klimapåslag på 40% for 20-, 200- og 1000- årsflaum. 5. Høgspenteleidningar i planområdet er vist med bandleggingssone H740 i plankart.
<p>Fylkesmannen i Vestland Statens hus Njøsavegen 2 6863 Leikanger</p> <p>Datert: 16.03.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planframlegget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing. 2. Fylkesmannen minner om krav til risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i planarbeidet. Ros- analyse skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging 3. Retningsline T1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggjast til grunn ved planlegging. Nye reguleringsplanar bør vise tilgjengeleg støykart innanfor planområde på eigna måte. Det er vidare krav til at ein så tidleg som mogleg i planprosessen skal gjere støyfaglege utgreiingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt. 4. Fylkesmannen viser til at konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldslova. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanens arealdel. Planframlegget er og vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiing. 2. Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for planframlegget. Evt. funn i analysa som kan medføre risiko for planområdet er innarbeidd i plankart og føresegner. 3. Det er utarbeidd støyfagleg utgreiing for nye verksemdar i planområdet. Da støynivået ikkje er kjent er det lagt føringar for maksimalt generert støy frå nye verksemdar. 4. Planendringa er vurdert opp mot naturmangfaldslova. Vurderinga går fram av planskildringa. 5. Planendringa inneber ikkje tiltak som får konsekvensar for vassdraget eller kantvegetasjon. E39 og Fv5442 ligg mellom byggeområda og Matreselva. 6. Det er som del av planprosessen gjennomført medverknadsprosess. Det er og planlagt vidare medverknadsprosess i samband med kommunal

	<ol style="list-style-type: none"> 5. Plangrensa går tett opptil Matreselva. Planarbeidet må vurdere om planen får konsekvensar for vassdraget og kantvegetasjon. 6. Alle som fremjar eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet. 	handsaming av planforslaget.
<p>Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen</p> <p>Datert: 24.03.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fv5442 har funksjon som veg til Stordalen og bygdene på sørsida av Sognefjorden. Vegen er oppgitt med ein ÅDT på 150 bilar. Med helgetrafikk til hytteområda i Stordalen vil dette vere med og heve døgntrafikken over oppgitt ÅDT. 2. Fylkeskommunen er opptatt av at Fv5442 skal liggje fritt utan konstruksjonar, bygg og anna tett innpå fylkesvegen. Rammeplan for avkøyrslar legg til grunn ein byggegrense på 30 m. Det vert gjort merksam på byggegrenser knytt til kryss. 3. Fylkeskommunen ber om at vegnormal N100 vert lagt til grunn for eventuell endringar i dagens vegstruktur. 4. Ved endring i vegstruktur må ein legge til rette for mjuke trafikantar. Fortau og tilkomst til kollektivhaldeplassar er døme på slike tiltak. 5. Dersom det vert gjort endringar på Fv5442 skal det utarbeidast tekniske teikningar for endringane. Statens vegvesen si handbok R-700 vert lagt til grunn for teikningsgrunnlag. Fylkeskommunen skal godkjenne desse teikningane før planen vert vedteken i Masfjorden kommune og skal ligge til grunn for ein evt. gjennomføringsavtale mellom fylkeskommunen og Masfjorden kommune. 6. Nye tiltak bør spegle si tid og gjennom nyskaping og tilpassing vere eit verdifullt bidrag til det lokale bygningsmiljøet. Regional plan for folkehelse og universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar. 7. All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må derfor sikre at byggetiltaka og infrastrukturen innordnar seg dei fysiske omgjevnadane, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. 8. Fylkeskommunen minna om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø vert gjort på eit tidleg stadium i planlegginga. Fylkeskommunen ber om at kulturminneinteressene vert omtala, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Fylkeskommune viser til registrert krigsminnelokalitetar i og utanfor planområdet. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. 2. Fv5442 Stordalsvegen er foreslått regulert med byggegrense på 20 meter frå senterlina på vegen. Dette for å få plass til ny brannstasjon og evt. visningssenter nord i planområdet. 3. Teken til orientering. Vegnormal N100 er lagt til grunn ved utforming av veganlegg. 4. Planforslaget regulerer fortau/gang- og sykkelveg til busstopp og kryssingspunkt ved E39. 5. Det vil bli utarbeidd tekniske teikningar for vegendringar i planområdet. Evt. godkjenning av tekniske teikningar og gjennomføringsavtale vil bli gjennomført av Masfjorden kommune og Vestland fylkeskommune. 6. Teken til orientering. 7. Teken til orientering 8. Teken til orientering. Omtale av kulturminne/kulturmiljø går fram av planomtalen.
<p>NGIR Lindåsvegen 1260 5956 Hundvin</p> <p>Datert: 06.03.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. I NGIR sitt verkeområde har kvar einskild husstand rett til å setje fram opptil 2 dunkar for avfall til levering kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal til hentestad. Ved fellesløysing må behaldarar som gjev same volum pr. husstand veljast. 2. Tilkostvegar må ha tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk for renovasjonsbilar. Renovasjonsbilen bør kunne snu ved hentestaden. Leikeplassar o.l. bør ikkje ligge i nærleiken av hentestaden. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. Planforslaget legg ikkje opp til etablering av nye bustader innanfor planområdet. Føresegnene stille krav om renovasjonsareal innanfor byggeområda som sikrar tilkomst og snuareal for renovasjonskøyretøy. 2. Teken til orientering. Føresegnene stille krav om renovasjonsareal innanfor byggeområda som sikrar tilkomst og snuareal for renovasjonskøyretøy. Vegar er utforma med vogntog som dimensjonerande køyretøy.

BKK Produksjon AS
Postboks 7050
5020 Bergen

Datert: 20.03.2020

1. Matre kraftstasjon omfattast av beredskapsforskrifta og er klassifisert som ein klasse 2 kraftstasjon. BKK er ansvarleg for å sikre at kravet i beredskapsforskrifta er oppfylt til ei kvar tid mht. kraftstasjonen, tilkomst og andre sikkerheitskrav. Det må derfor setjast av areal som buffersoner rundt tunnelportalen til Matre H kraftstasjon.
2. Framtidig utvikling av kraftproduksjonsverksemda i Matre medfører eit arealbehov som omfattar delar av det varsla planområdet. For å ivareta krava i beredskapsforskrifta, samt framtidig utvikling av kraftproduksjonen i Matre ber BKK om at plangrensa vert endra slik at arealet som er vist som skravert område på vedlegg 1. vert haldt utanfor planområdet. Alternativt ber BKK om at arealet vist på vedlegg 1 vert regulert til industri/kraftproduksjonsformål.
3. I reguleringsendringa med tilhøyrande føresegnar må det sikrast at BKK har uhindra tilkomst til kraftstasjonen Matre H gjennom planområdet til ei kvar tid. Det må regulerast inn tilstrekkeleg tilkomstareal til kraftstasjonen, med parkerings- og snuareal. Det kan ikkje regulerast inn bygg eller andre anlegg som hindrar eller avgrensar dette. Det må gå fram av reguleringsføresegnene at vegen skal kunne bere ei last på 120 tonn og vere utan stigning. Dette for å sikre tilkomst for naudsynt tungtransport fram til tunnelportalen og kraftstasjonen. Det vert understreka at reguleringsendringa ikkje på noko vis må medføre at BKK sin tilkomst til kraftstasjonen vert hindra eller vanskeleggjort. Evt. hendingar knytt til nye verksemdar må ikkje legge noko avgrensing for dette.
4. BKK har behov for ei del anna areal innanfor det varsla planområdet for å oppretthalde dagens og framtidige funksjonar knytt til kraftproduksjonsverksemda. Dette gjeld m.a.:
 - Snu- og oppstillingsareal for større køyretey
 - Areal for oppstilling av utrykkingskøyretey
 - Areal for helikopterlandingsplass med fri inn- og utflyging.
 - Areal for lagring av større/tyngre materiell og leveransar i samband med gjennomføring av prosjekt, rehabilitering, drift og vedlikehald.
5. Om dagens etablerte funksjonar knytt til kraftproduksjonsverksemda innanfor planområdet vert råka av reguleringsendringa, må det skaffast erstatningsareal. Utbygger vil vere ansvarleg for å skaffe erstatningsareal.
6. BKK gjer merksam på at det ikkje er inngått avtalar som gir evt. utbyggjarar rettigheter knytt til BKK sine areal innanfor det varsla planområdet. Slike avtalar skal gjerast direkte med BKK.
7. BKK er oppteken av eit godt naboforhold til naboar og andre råka partar i Matre området. Det er viktig at problemstillingar knytt til ulemper som støy m.m. vert handtert på ein god måte i reguleringsendringa.
8. BKK har eit viktig kraftproduksjonsanlegg i tilknytning til det varsla planområdet og ber om å bli involvert i det vidare arbeidet med reguleringsendringa.

1. Teken til orientering. Det er rundt tunnelportalen sett av sikringssoner H190. I reguleringsføresegnene er det føresegnar knytt til sikringssona.
2. Arealet som vist på vedlegg 1 er i planforslaget regulert til energianlegg.
3. Det er regulert veg fram til regulert energianlegg. Vegen er dimensjonert for modulvogntog. Evt. oppbygning av vegen for å tole tilstrekkeleg vekt må gjennomførast som del av prosjekteringa.
4. Teken til orientering. Areal som BKK Produksjon AS har vist på vedlegg 1 er regulert for drift og vedlikehald av kraftanlegget. Det avsette arealet er 4,1 daa. I tillegg kjem helikopterlandingsplass på 0,8 daa.
5. Teken til orientering. Avsette areal er gjort i samråd mellom Masfjorden kommune og BKK Produksjon AS.
6. Teken til orientering.
7. Teken til orientering. Planforslaget stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemdar.
8. Teken til orientering. Det er som del av planprosessen gjennomført møter med BKK Produksjon AS.

	Vedlegg: - Kartvedlegg	
BKK Nett AS Postboks 7050 5020 Bergen Dateret: 23.03.2020	<ol style="list-style-type: none"> 1. BKK Nett AS har områdekonsesjon i Masfjorden kommune. Dette inneber etablering og drifting av straumnettet i kommunen. BKK Nett AS har i tillegg anleggskonsesjon og det må takast omsyn til anlegg som BKK driftar. 2. Dersom delar av BKK Nett sine anlegg vert liggjande på inngjerda område med tilkomstavgrensing må BKK Nett AS sikrast direkte tilkomst evt. med nøkkelboks eller adgangskort for BKK Nett sine medarbeidarar. Det vert føretrekt at BKK Nett sine anlegg ligg utanfor område med tilkomstavgrensing. BKK Nett kan ikkje vere i ein situasjon der tilkomst til egne anlegg er avhengig av at ein annan part låser opp/gir tilkomst. 3. Innanfor planområdet ligg 132 kV kraftoverføring mellom Matre og Haugsvær som jordkabel. Anlegget er etablert etter anleggskonsesjon og er i all hovudsak unnateke plan- og bygningslova, med unnatak for kap. 2 og 14. Det kan derfor ikkje vedtakast reguleringsføresegner eller som vilkår for andre tema. I utgangspunktet skal slike kraftleidningar ikkje innteiknast som planformål. Kabelanlegg under bakken skal ikkje framkomme av plankart. 4. Dersom høgspenningskabler skal leggst om må det settast av ny trase og tiltakshavar må bere alle kostnader med omlegginga. 5. Tidlegare klausulering for 132kV trase i luftstrekk som gjekk gjennom planområdet er frigitt. 6. Innanfor planområdet ligg det 22kV luftleidningar, jordkabler og nettstasjonar. Omlegging av anlegga fordrar ikkje ny søknad om endring av konsesjon, men tiltakshavar må bere kostnadane med tiltaket. 7. Langs 22kv luftleidningar kan det leggst til grunn eit byggeforbodsbelte på 16 meter. (8 meter målt horisontalt ut frå kvar side av senter), BKK ber om at denne traseen vert markert i plankart som trase for nærare angitt teknisk infrastruktur eller som faresone. 8. Det må ikkje gjennomførast oppfylling av terreng som medfører redusert høgde opp til luftleidningar. BKK ber om at det vert teke med i reguleringsføresegnene at det ikkje kan oppførast bygningar, gjennomførast graving, utfylling eller andre tiltak utan netteigars tillating. 9. Det må ikkje planleggast nye bygg over eller nært 22 kV kabelgrøft. Overdekninga over kabelgrøfta kan heller ikkje reduserast. 10. Eksisterande og nye nettstasjonar må stå minst 5 meter frå bygning med brennbar overflate og minst 3 meter frå bygning med ikkje brennbar overflate. 11. Det er sannsynleg at eksisterande distribusjonsnett ikkje vil vere tilstrekkeleg for nye bygg. Det må derfor påreknast å settast av plass til ny trase frå 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teken til orientering. 2. BKK Nett AS sine høgspentanlegg i planområdet er regulert med bandleggingssone H740. Reguleringsføresegnene stiller krav til at alle inngrep innanfor bandleggingssona skal gjerast i samråd med anleggseigar. 3. Teken til orientering. BKK Nett AS sine høgspentanlegg i planområdet er regulert med bandleggingssone H740. 4. Teken til orientering. 5. Teken til orientering. 6. Teken til orientering. 7. Teken til orientering. Det er innanfor planområdet ikkje høgspenteleidningar i luftstrekk. 8. Teken til orientering. 9. Teken til orientering. 10. Teken til orientering. 11. Tilkopling til straumnett og plassering av nettstasjonar vil bli avklara som del av detaljprosjektering av nye anlegg. 12. Reguleringsføresegnene opnar opp for at nettstasjonar kan plasserast innanfor planområdet uavhengig av formål. 13. Teken til orientering. Det er ikkje planlagt nye bustader eller nye bygg for varig opphald innanfor planområdet.

	<p>eksisterande koplingsanlegg. Det kan og bli naudsynt med nye nettstasjonar i planområdet. BKK ber om å bli kontakta når detaljplan for utbygging ligg føre.</p> <p>12. BKK planlegg etablering av ny nettstasjon tett inntil eller delvis innanfor planområdets yttergrense jf. vedlagt kartskisse. Det er ønskjeleg at ny nettstasjon kan regulerast med passande formål.</p> <p>13. Ved bygging i nærleiken av elektriske anlegg blir det gjort merksam på at det ikkje er samsvar mellom anbefalt utgreiingsgrense for magnetfelt og byggeforbodssoner.</p> <p>Vedlegg: - Trasekart og plassering av ny nettstasjon</p>	
<p>Museum Vest Sandviksbodene 20 5035 Bergen</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<p>1. Museum Vest viser til at Masfjorden kommune er kjend med styrevedtak om å reise eit nytt bygg som skal huse eit nytt og moderne Bjørn West museum. Det har og vore plan for å integrere eit visningssenter for Stølsheimen, samt kafè, turistinformasjon, forsamlingslokale m.m. Dette ligg inne i konsolideringsavtalen (§5) med Masfjorden kommune, Museum Vest og stiftinga Bjørn West museet. Masfjorden kommune har og søkt om tilskot for oppstart av dette arbeidet.</p> <p>2. Det må verta sikra gode føremålstenelege areal til nytt Børn West museum i grøn næringspark langs E39 på Matre.</p> <p>3. Det er viktig at nærliggjande verksemdar har ein aktivitet som let seg kombinere med den publikumsretta næringsverksemda som er planlagt på eit nytt museum/visningssenter. Bjørn West museet/Museum vest stiller gjerne til samtalar knytt til det vidare arbeidet.</p> <p>Vedlegg. - Styreprotokoll 13.09.2018</p>	<p>1. Det er innanfor område BOP lagt til rette for etablering av visningssenter m.m. Vidareutvikling av dette området må gjennomførast i samarbeid med Masfjorden kommune.</p> <p>2. Sjå kommentar nr. 1</p> <p>3. Areal sør for område BOP er regulert til industri, kontor og lager. Grunna krav til sikring av byggeområda mot flaum er det foreslått ulike planeringsnivå, der område for offentleg og privat tenestytting vil ligge planert over industriarealet.</p>
<p>Matre - Haugsdal Helselag v/ Lise Dyrhovden Matre 23 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<p>1. Helselaget viser til at det er ei svært trafikkfarleg kryss ved avkøyringa til BKK. Mjuka trafikantar, gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk møtest. Ønskjer avklaring på om gangfeltet over E39 skal oppretthaldast og korleis ein ser for seg at mjuka trafikantar skal ferdast mellom Litlematre og Storematre. Ber om at undergang/overgang blir vurdert.</p> <p>2. Kinosalen til BKK er eit av bygd sine forsamlingslokale. Ber om at det må sikrast trygg tilkomst. Vegen vert også mykje nytta opp mot fjella og turområde.</p> <p>3. Flytting av kryss mot Stordalen, busstopp har vore skissert tidlegare. Ber om avklaring på om dette er vurderingar ein vil få gjennomført no. Det er og tidlegare vurdert etablering av gangbru og kryssing av Matreselva. Ber om avklaring på om dette vert vurdert som del av reguleringsendringa</p> <p>4. Ber om at det vert etablert trafikklys langs E39 gjennom Matre og langs gang- og sykkelvegar.</p>	<p>1. Krysset er i planforslaget foreslått stengt. Fotgjengarkryssing flytta nord for krysset, samt at busslomme vert flytta lenger nordover. Føreslegne løysinga er drøfta med Statens vegvesen. Trafikkgrunnlaget på E39 er for låg til at det løyser ut krav om planskilt kryssingspunkt.</p> <p>2. Det er langs vegen opp til kinosalen regulert fortau/gang- og sykkelveg frå kryssingspunkt og busstopp.</p> <p>3. Sjå kommentar nr. 1. Etablering av gangbru over Matreselva er ikkje del av planområdet og er ikkje vurdert som del av planforslaget.</p> <p>4. Signalregulering av kryssingspunkt er ikkje vurdert som del av planforslaget.</p> <p>5. Dei fysiske rammene av planlagde tiltak går fram av plankart og illustrasjonsplan. Det er innanfor byggeområda opna opp for etappevis utbygging. Når det er knytt til lengd på anleggsperiode, tal arbeidsplassar, bruk av lokal arbeidskraft er dette tema som reguleringsplanen ikkje kan</p>

	<p>5. Helselaget har ikkje fått informasjon om kva eit datasenter vil bety for lokalbefolkninga. Det er ei lita bygd og området har vore prega av omskiftande aktivitet. Meiner lokalbefolkninga har hatt eit høgt toleransenivå på ulempene som har følgd med anleggsverksemd og drift og ønskjer ikkje nye tiår med evt. kontinuerleg forringing av kvardagen og livskvaliteten. Har mange spørsmål som ein ønskjer svar på ved evt. etablering av datasenter jf. erfaring frå andre stader:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Størrelse på det planlagde formålet - Evt. byggetrinn - Lengde på anleggsperiode - Arbeidsplassar - Bruk av lokal/innleid arbeidskraft i anleggsperiode og driftsfasen - Konsekvensar knytt til støy, evt. stråling og lokalklima. - Påverknad for lokalmiljøet - Krav til utsjånad/estetikk og plassering - Inngjerding av næringsområdet og evt. påverknad på ferdsel i næringsområdet. <p>6. Helselaget håpar det vil vere plass til andre næringsaktørar på området. Helselaget er kjend med Bjørn West Museet sine planar om nytt museumsbygg og publikumsretta næring. Det er og eksisterande næringsverksemdar som treng areal.</p> <p>7. Ber om tilbakemelding på om parkdelen vil bestå.</p> <p>8. Viser til at prosess og informasjon rundt oppstart av planarbeidet har vore mangelfull. I forhold til framdriftsplanen er Helselaget uroa for at det vert lite rom for lokal medverknad i det vidare planarbeidet.</p>	<p>definere. Planen legg fysiske rammer for framtidig bruk av området. Formåla som planen legg til rette for er ikkje arbeidsplassintensive verksemdar.</p> <p>Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemdar innanfor planområdet. Evt. andre verknader knytt til stråling, lokalklima og påverknad for lokalmiljøet er ikkje mogleg å svare ut da det ikkje er inngått bindande avtalar eller gjennomført detaljprosjektering for ei konkret verksemd.</p> <p>Reguleringsføresegnene opnar opp for at eksisterande og nye verksemdar kan gjerde inn næringsareala. Dette vil medføre at ferdselsmoglegheiter inne på næringsområdet vil kunne bli avgrensa for ålmenta.</p> <p>6. Planforslaget opnar opp for plassering av nytt visningscenter i nord på område for offentlig og privat tenesteyting. Planforslaget frigjer også eit større næringsareal (BKB1) som kan delast inn i mindre areal etter behov.</p> <p>7. Store delar av parken vil bli omdisponert til næringsareal. Dette i samsvar med gjeldande reguleringsplan.</p> <p>8. Det er i samband med vidare handsaming av planendringa planlagt medverknad med lokalbefolkninga i Matre.</p>
<p>Odd Arve Dyrkolbotn Einleitevegen 23 5984 Matredal</p> <p>Datert: 23.03.2020</p>	<p>1. Viser til at det ligg føre planar om etablering av datasenter. Dette er store og kraftkrevjande anlegg som kan komme opp i uttak på 100 MW. Eit slikt anlegg kan medføre mykje støy til kjøling av maskiner. Merknadsstilla har vert på Dale og høyrst støyen frå dette anlegget når det var i full drift. Anlegget på Dale er eit lite anlegg i forhold til kva so er under planlegging i Matre.</p> <p>2. Utfordring at innbyggjarar i Matre ikkje får informasjon om kva ei slik verksemd vil medføre av ulemper som støy, stråling etc. men og fordelar som arbeidsplassar under utbygging og drift. Ber om at Masfjorden kommune avventar vidare arbeid til bygdefolket er blitt informert.</p>	<p>1. Når det gjeld støy frå eit evt. datasenter sikrar reguleringsføresegnene at det vert stilt krav til maksimalt støynivå frå nye verksemdar. For eit datasenter vil dette bety at det må leggest til rette for lukka kjøleanlegg/vasskjøling for å kunne tilfredsstille støykrava. For ytterlegare informasjon om støykrava som er stilt vert det vist til støyrapporten som er vedlagt planforslaget.</p> <p>2. Planforslaget legg til rette for den fysiske utforminga av bygningar og anlegg. Det er på noverande stadium ikkje klarlagt eksakt kva verksemd og kva verknader ei slik verksemd vil føre med seg. Hovudformåla som er regulert er ikkje formål som legg til rette for arbeidsplassintensive verksemdar.</p>
<p>Arnold Matre Matre 35 5984 Matredal</p> <p>Datert: 24.03.2020 Datert: 25.03.2020</p>	<p>24.03.2020</p> <p>1. Registrerar at Masfjorden kommune ikkje har sendt ut ny informasjon i høve føremålet med reguleringsarbeidet for næringsarealet på Matre</p> <p>2. Viser til at Masfjorden kommune ikkje har utsett høyringsfristen for oppstartsmeldinga</p> <p>3. Viser til e-post frå Masfjorden kommune om at medverknadsprosessen er utsett. Ønskjer tilbakemelding på korleis medverknad er tenkt oppfylt innan</p>	<p>1. Det vart 26.03.2020 sendt ut presentasjon til varsla naboar, samt publisert presentasjon på Masfjorden kommune sine heimesider.</p> <p>2. Det vart 26.03.2020 varsla at frist for merknader og innspel vart utsett til 15.04.2020</p> <p>3. Grunna pålegg frå helsestyresmaktene vart det planlagde informasjonsmøtet som var planlagt 23.03.2020 avlyst. For å bringe ut informasjon til naboar og andre råka partar vart det sendt ut presentasjon</p>

	<p>27.03.2020</p> <p>4. Viser til informasjon i e-post frå Masfjorden kommune og opplyser om at opplysningsplikta ikkje er oppfylt ved å sende dette til enkeltpersonar. Gjer merksam på at informasjon skal vere tilgjengeleg for alle som har interesse av saka.</p> <p>5. Forventar at Masfjorden kommune utsett høyringsfristen til informasjon om planlagt tiltak er sendt ut.</p> <p>6. Ønskjer at Masfjorden kommune garanterar at eit. evt. framtidig datasenter kun skal nyttast elektrisk straum frå vasskraft, og ikkje vindkraft.</p> <p>25.03.2020</p> <p>7. Viser til at oppstartsmeldinga for planarbeidet for næringsarealet i Matre er ein prosess der krav til høyring, utlegging av sakspapir og informasjon har vore dårleg og delvis i strid med god forvaltningsskikk. Ønskjer tilbakemelding på evt. utsett frist for merknader til oppstartsvarselet og om det er formidla informasjon til innbyggjarar om konkrete planar for etablering av datasenter på Matre.</p> <p>14.04.2020</p> <p>8. Viser til oppstartsmeldinga for planarbeid og opplysning om at planarbeidet ikkje utløysar krav til konsekvensutgreiing. Ber om å få oversendt grunnlaget for avgjerda.</p> <p>9. Datasenter har vore særers kontroversielle der dei har starta opp, eller planlagt starta opp. Sentralt står støy, storleik, høgde, trafikk og påverknad av lokalklima. Det er viktig at ein har ein garanti for at desse, med fleire tema vert grundig og etterretteleg utgreia. Tryggleik for at dette vert utgreia vil påverke kva merknader ein skal kome med til oppstartsmeldinga.</p> <p>15.04.2020</p> <p>10. Viser til prosessen som har leia fram til dette planarbeidet har vore prega av hastverk, dårleg informasjon og hemmelegghald av hovudmotiv/føremål med planarbeidet. Dette er gjort geie for i tidlegare skriv. Oppstartsmeldinga vart kunngjort utan at det var gjort greie for hovudføremålet med reguleringa – eit omstridt datasenter. Det var ikkje planlagt informasjonsmøte eller på annan måte planlagt informert om dette før opphavleg høyringsfrist for å gje uttale gjekk ut 27.03.2020.</p> <p>11. Merknadsstillar vart tilfeldig merksam på at føremålet med planarbeidet ikkje berre var endringar i vegsystemet, men eit lenge planlagt datasenter. Datasenter har fram til no vore omstridt neste alle stader der dei er etablert, eller det har vore planar om etablering. Viser til datasenteret på Dale i Vaksdal kommune der det er kontinuerlege plager med støy frå kjølevifter. Dette tilseier at etablering av ei slik verksemd bør skje etter nøye krav til utgreiingar, og i god dialog med innbyggjarar.</p>	<p>den 26.03.2020. Presentasjonen vart også publisert på Masfjorden kommune sine heimesider for personar som ikkje vart varsla direkte.</p> <p>4. Presentasjonen vart publisert på Masfjorden kommune sine heimesider og var offentleg tilgjengeleg.</p> <p>5. Frist for innspel og merknader vart utsett til 15.04.2020</p> <p>6. Teken til orientering.</p> <p>7. Oppstartsmelding vart kunngjort i samsvar med Pbl. 12-8. Frist for merknader og innspel vart utsett til 15.04.2020. Oppstartsvarselet er eit varsel om at planarbeidet vert starta. Det er fyrst ved offentleg ettersyn eit komplett planforslag vert presentert. Planforslaget legg hovudform for utforming og formål for arealbruken og ikkje naudsynt for ei konkret verksemd.</p> <p>8. Vurdering av planforslaget opp mot forskrift om konsekvensutgreiing vart sendt merknadsstillar 15.04.2020 og går fram av planomtalen</p> <p>9. Planforslaget legg føringar for dei fysiske rammene for framtidige bygg. Når det gjeld forhold knytt til støy er det i reguleringsføresegnene stilt krav til maksimalt generert støy frå nye verksemdar.</p> <p>10. I oppstartsmeldinga vart det informert om at planendringa skulle legge til rette for omstrukturering av vegsystemet og legge til rette for større næringsbygg med tilhøyrande parkering og utomhusareal. Datasenter er ikkje eit konkret reguleringsformål. Planforslaget opnar opp for verksemdar innan formåla industri, lager og kontor. Det er ikkje fastsett eksakt kva verksemd som ønskjer å etablere seg i næringsområdet, men Masfjorden kommune ønskjer å legge til rette for etablering som datasenter eller annan kraftkrevjande industri innanfor næringsområdet.</p> <p>11. Ved etablering av datasenter i område BKB1 er det i reguleringsføresegnene stilt krav om maksimalt generert støy. Støyrapporten som er utarbeidd tek og utgangspunkt i datasenter som aktuell ny aktør innanfor byggjeområde BKB1. Med bakgrunn i støykrava vil aktuell kjøling for eit datasenter vere lukka kjøleanlegg/vasskjøling.</p> <p>12. Sjå kommentar nr. 11. For ytterlegare informasjon vert det vist til utarbeidd støyrapport som ligg som vedlegg til planforslaget.</p> <p>13. Evt. val av kjølemetode og konsekvensar av dette vil måtte geiast ut som del av prosjekteringa av anlegget og evt. avklaring med forureiningsmyndigheitene.</p> <p>14. Planforslaget er ikkje utarbeidd for ei konkret verksemd. Hovudformåla i planen legg ikkje til rette for arbeidsplassintensive verksemdar. Trafikkssystemet er regulert med dimensjonar som sikrar god kapasitet på vegnettet. Trafikale løysingar langs E39 er drøfta og regulert i samråd med Statens vegvesen.</p> <p>15. Planforslaget legg rammene for den fysiske utbygginga og kan ikkje konkretisere tal arbeidsplassar, om arbeidsplassar vil bli lokale, regionale eller nasjonale. Det er fyrst nå ei konkret verksemd er i drift at tal</p>
--	---	--

<p>12. Krav som bør utgreiast i høve eit datasenter er støy. Oppstartsmeldinga seier ikkje kva type datasenter og om det er planlagt kjøling med luft til luft eller vasskjøling. Med avgrensa informasjon og utan konkrete krav til utgreiingar vil det vere krav til KU/utgeiingsprogram, informasjon om andre datasenter, konkret nivå på støy, og at føresegnene stiller krav til dB- nivå ute og inne.</p> <p>13. I selskapets presentasjon av mogleg datasenter på Matre er det opplyst om stor varmeutvikling. Det er erfaring frå BKK sitt utslepp av vatn til sjø at temperaturen i fjorden har auka i vinterhalvåret og nedkjøling om sumaren. Dette viser at lokalklimatiske forhold må greiast ut.</p> <p>14. Det må greiast ut kva trafikk eit datasenter vil generer. Viser til eksempel frå Ringerike kommune der døgntrafikken kan auke med opp mot 1000 køyretøy. Det er viktig å vite tal på trafikk, fordelt på type køyretøy og tid på døgnet.</p> <p>15. Det må synleggjerast tal på arbeidsplassar lokalt på Matre. For dei som skal leve med ulempene er det underordna om dette skapar arbeidsplassar i andre bransjar, kommunar eller regionar.</p> <p>16. I viste skisser er det vist nybygg langs E39 frå BKK sitt verkstadsbygg til Stordalskrysset. Eit datasenter er ikkje publikumsretta. Det er skissert byggehøgder på opp til 18 meter. Dersom eit datasenter skal vere aktuelt bør det plasserast i området mot BKK sin driftstunnel.</p> <p>17. Eit datasenter vil verke avvisande frå E39 og gi eit negativt førsteinntrykk. Dette kan vere til ulempe for andre aktørar som ønskjer å etablere seg i området. Arealet langs E39 bør vere reservert til publikumsretta verksemder. Føresegnene må sette klare maksimumsgrenser for volum, høgder og lengde på bygga.</p> <p>18. Eit datasenter vil medføre negative følgjer for bu- og oppvekstmiljøet på Matre. Det vil og føre til trong for opprusting av infrastruktur som veg, vatn, avlaup, fortau, trafikksikring og andre avbøtande tiltak. Krav til utbyggingsavtale må med i føresegnene for å sikre deltaking i ei slik finansiering.</p> <p>19. Merknadsstillar viser til ei rekke støyande og støvande aktivitetar på Littlematre opp gjennom historia.. Dette har til tider gått utover nattesøvn, og psykisk og fysisk helse. Merknadsstillar fryktar at det skal kome ei ny verksemd som forringar nærmiljøet/livskvalitet.</p> <p>20. Eksisterande reguleringsplan opnar opp for ulike typar verksemder/arealbruksformål. Det er viktig at det ikkje vert opna opp for arealbruk/verksemder som verkar sterkt ekskluderande på andre formål. Ber om at det vert lagt til rette for publikumsretta formål, bustader, visningssenter, grøntareal, aktivitetsområde m.m.</p> <p>21. Viser til trafikktryggleik og skuleveg gjennom verksemdene sitt trafikkeareal. Det er og ei farleg kryssing av E39. Ber om at det må gjennomførast ei trafikkanalyse ved stenging av BKK si avkøyrsløse. Nemner andre viktige tema som skuleveg, ønskjer ikkje auke i fartsgrense, planskilt kryssingspunkt</p>	<p>arbeidsplassar kan konkretiserast.</p> <p>16. Det er i illustrasjonsplan og 3D illustrasjonar vist plassering av inntil 3 datasenter innanfor BKB1. På BKK Produksjon AS sitt areal mot driftstunnelen er det vist 1 mogleg framtidig datasenter. Maksimal byggehøgde er i planforslaget sett til 16 meter over gjennomsnittleg planert terreng. For å trygge næringsarealet mot flaum er ein avhengig av at planeringsnivået vert løfta 1-2 meter.</p> <p>17. Reguleringsføresegnene stiller krav til utnyttingsgrad for alle byggeområde, maksimal byggehøgde over gjennomsnittleg planert terreng. Det er ikkje stilt krav til lengde på bygga. Dette vil bli avgrensa av byggegrenser, utnyttingsgrad og utforming av byggeområda.</p> <p>18. Det er knytt rekkefølgjekrav til veganlegg og utarbeiding av VA-rammeplan for nye bygg og utbygging av byggeområde.</p> <p>19. Det er i samband med planforslaget gjennomført støyfagleg utgreiing. Da generert støy frå nye verksemdar ikkje er kjent er det med bakgrunn i kringliggjande busetnad sett krav til maksimalt generert støy frå nye verksemdar.</p> <p>20. Planforslaget legg i hovudsak til rette for etablering av verksemdar innan formåla industri, lager og kontor. Nord i planområdet er det regulert område for offentleg og privat tenesteyting. Det er innanfor dette arealformålet opna opp for publikumsretta verksemd/visningssenter.</p> <p>21. Planforslaget foreslår stenging av BKK si avkøyrsløse ved transformatorstasjonen. Kryssingspunkt over E39 er flytta lenger mot nord. Det er og foreslått å flytte busstopp på nordsida av E39 lenger mot nord, samt plassering av passeringsslomme. Dei trafikale løysingane er utarbeidd i samråd med Statens vegvesen.</p> <p>22. Det er nord i planområdet lagt til rette for etablering av nytt visningssenter innanfor området BOP.</p> <p>23. Vurdering av planforslaget opp mot forskrift om konsekvensutgreiing går fram av planomtalen.</p> <p>24. Teken til orientering.</p>
--	---

	<p>og gangbru over Matreselva og nytt busstopp.</p> <p>22. Bjørn West museet har planar om nybygg og visningssenter for Stølsheimen. Dette vil bli bunde saman med kafe, turistinformasjon, sanitæranlegg m.m. eit slikt nybygg er ein del av grunnlaget for samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, Museum Vest og stiftinga Bjørn West museet. Eit museum/visningssenter vil kunne styrke turismen i området. Eit slikt nybygg må ha eit nærmiljø som ikkje står i kontrast med dette.</p> <p>23. Ber om grunngeving for at tiltaket ikkje er KU pliktig. Det bør uansett gjennomførast ei avgrensa KU på følgjene av eit datasenter. Negative følger for bustader i høve støy må greiast ut.</p> <p>24. Viser til at framdriftsplanen verkar urealistisk med utlegging av planforslag til off. ettersyn til sumaren. Prosessen med å få planarbeidet av næringsarealet inn i planstrategien og oppmelding av planarbeidet er i strid med forvaltingslova og skapar ikkje tillit.</p> <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om regulering - Formannskapsmøte 03.02.2020 – Merknad planstrategi 	
<p>Ivar Helge Matre og Grete Nyhavn Stien 25 5984 Matredal</p> <p>Datert: 14.04.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Er grunneigar av bustadeigedomar og felles utmark i og rundt planområdet. Sidan sandtaket vart starta og fram til i dag har området vore prega av anleggsarbeid og støy med steinknuseverk, lagring av tunnelmassar m.m. Dei siste åra har uanmeldt lagring av steinmassar medført støy på nattetid. Når det er planar for datalagringsmodular som truleg støyar (Jf. Dalekvam) er «piggane ute» hos merknadsstillar. Er i utgangspunktet positiv til nye arbeidsplassar Folketalet går ned og elevtalet på skulen vil bli kraftig redusert dei neste åra. Dersom planane medfører 10- tals nye arbeidsplassar, må ein unngå at dei tilsette vert dagpendlarar frå andre kommunar. 2. Er av den oppfatning av at planarbeidet for heile Matre må takast opp på nytt, og legge til rette for bustadbygging. Etter at prosjektet med veg til Matresøya vart stoppa, har det ikkje vore gjort noko for å skaffe erstatning for desse tomtene. Det finst ikkje byggeklare tomter på Matre. 3. Det vert opplyst om vurdering av trafikale løysingar og flytting/riving av eksisterande bygg. Merknadsstillar går ut frå at det ikkje gjeld bustadhusa innanfor planområdet, som i dag er heimen til 12 personar. 4. I tidlegare planarbeid som ikkje vart godkjent er det ikkje mogleg køyre frå Stordalskrysset til bustadeigedomane i planområdet utan å rygge. Ber om at denne svingen vert utvida endra. 5. Plassering av datalagringscenter bør vere lengst mogleg unna bustadhus grunna høgde og mogleg støy. Beste plassering vil vere lengst nord på bnr. 45. På utsende skisser er dei nye næringsbygga plassert utover eit stort område som medfører at dei vil legge beslag på heile sandtaket. Evt. så må nye bygg plasserast tettare for betre utnytting av området. Ny bygg må ha arkitektoniske kvalitetar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planforslaget legg til rette for den fysiske utforminga av bygningar og anlegg. Det er på noverande stadium ikkje klarlagt eksakt kva verksemd og evt. tal på arbeidsplassar nye verksemder kan medføre. Når det gjeld støy er det i reguleringsføresegnene stilt krav til maksimalt generert støy for nye verksemder. 2. Teken til orientering. Regulering av nye bustadtomter må avgjerast av Masfjorden kommune. 3. Eksisterande bustader innanfor planområdet er i planforslaget oppretthaldt som bustader. 4. Tilkomstvegen til bustadene er justert og ved opparbeiding av den regulerte løysinga er det sikra svingmoglegheiter i begge retningar. 5. Foreslått plassering for nye næringsbygg er vist i illustrasjonsplan. Kraftliner, vegar og topografi er avgrensande faktorar for utforming av byggeområda. Ved etablering av større næringsbygg er val av plassering avgrensa. 6. Det er i samråd med Statens vegvesen foreslått justert plassering av fotgjengarkryssing., busstopp, samt etablert passeringslomme langs E39. Trafikkgrunnlaget på E39 er ikkje høgt nok til at det utløyser krav til planskilt kryssingspunkt. 7. Avkøyrsløsl ved BKK sin transformatorstasjon er i planforslaget stengd. Det er knytt rekkefølgjekrav til flytting av kryssingspunkt, etablering av gang- og sykkelveg, samt flytting av busslomme før stenging av avkøyrsla. 8. Masfjorden kommune har hatt kontakt med aktør som ser Matre som ein mogleg stad å etablere seg, men det ligg ikkje føre avtalar eller anna som bind området til ein særskilt aktør. Reguleringsføresegnene stiller krav til

	<p>6. Er oppteken av mjuke trafikantar. Dagens kryssing av E39 ved BKK er ei dårleg løysing. Det er ingen varsling på E39 om at ein kjem til fotgjengarfelt, og det har vore fleire nestenulukker. Ved førre handsaming av planen for Matre vart det kravd planskild kryssing. Dette er naturleg å krevje til denne planen også. Trafikken har auka sidan planen var til handsaming sist, og alle er opptekne av å gå og nytte sykkel. Dersom det ikkje vert etablert planskild kryssingspunkt vil folk nytte bil til transport til og frå arbeid og skule. Det har tidlegare vore diskutert undergang og gangbru. Merknadsstillar meiner gangbru vil vere den beste løysinga. Ved å halde høgda nord for bnr. 12 vil det berre bli ein nedkøyrse på vestsida av E39.</p> <p>7. Støttar stenging av avkøyrse ved BKK, men vil sette krav om at planskild kryssing vert etablert før stenging.</p> <p>8. Sidan planarbeidet er i startfasen, men har stram framdrift er det svært viktig at all informasjon kjem fram og at alle får uttale seg. Det er viktig at aktøren som planlegg og skal drifte datasentera presenterer seg og kan dokumentere mangelen på støy.</p>	<p>maksimalt generert støy frå nye verksemdar i planområdet.</p>
<p>Bjarte Dyrkolbotn Matre 22 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<p>1. Det er bustader på begge sider av E39. Kryssing på eksisterande fotgjengarovergang er risikabelt for born og vaksne. Tungtrafikken held høg fart i begge retningar grunna stigning i tunnelane opp frå Matre. Ønskjer at det vert etablert overgang eller undergang ved avkøyringa til BKK som er planlagt stengt, samt gangbru frå Einekavane, over elv og E39 ved krysset med Stordalsvegen.</p> <p>2. Det må takast omsyn til støytilhøva. Støyforureining gjev mistrivnad og helseplager.</p> <p>3. Næringsområdet er del av turveg som vert kalla storerunden. Det er ønskeleg at det fortsett vert mogleg å nytte vegar for rekreasjon og turgåing.</p> <p>4. Det bør leggjast krav til estetisk utforming av nye bygg og områda rundt.</p>	<p>1. Planframlegget legg til rette for at eksisterande fotgjengarkryssing vert flytta til nordsida av krysset mot Matre. Trafikkgrunlaget på E39 er ikkje høgt nok til at det utløyser krav om planskild kryssingspunkt. Fartsgrensa på vegen er 50 km/t. Det er opp til trafikkstyresmaktene/politi og gjere tiltak om ikkje fartsgrense vert overhaldt. Gangbru over Matreselva er ikkje del av planarbeidet.</p> <p>2. Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye næringsverksemdar.</p> <p>3. Vegar vil framleis kunne nyttast for turgåing og rekreasjon. Planforslaget medfører at eksisterande forbinding mellom Steien og Sæten vil bli via Stordalsvegen og ikkje gjennom næringsområdet som i dag.</p> <p>4. Føresegnene stiller krav til estetisk utforming av nye bygg.</p>
<p>Dina Dyrhovden og Svein Bjørn Dyrhovden Matre 24 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<p>1. Reagerer på kor mykje areal som vert bandlagt til veg i skisserte alternativ.</p> <p>2. Ber om fotgjengarbru over E39 mellom Havforskningsinstituttet og 52/12.</p> <p>3. Planområdet må inkludere planar for E39 og veg mot Haugsdal, samt busslommer.</p> <p>4. Ber om at arealutnytting og løysingar for heile området, også det øvste plataet. Vurdere å lage ny veg til Stien over tunnelinnslag ved Matre H.</p> <p>5. ved etablering av datasenter/annan industri må det setjast maksimale grenser for støy frå anlegg jf. erfaring frå etablering av datasenter andre stader.</p>	<p>1. Fleire av næringsverksemdene i området er avhengig av at det kan førast fram spesialtransport til anlegga. Dette medføre strenge krav til kurvar og stigning på vegar i området.</p> <p>2. Det er i samråd med Statens vegvesen foreslått justert plassering av fotgjengarkryssing,, busstopp, samt etablert passeringslomme langs E39. Trafikkgrunlaget på E39 er ikkje høgt nok til at det utløyser krav til planskild kryssingspunkt.</p> <p>3. Planområdet omfattar kun del av E39 og omfattar ikkje vegen mot Haugsdal.</p> <p>4. Planforslaget viser arealutnytting innanfor plangrensene. Den kommunale vegen Stien er lagt lenger mot søraust for å frigjere areal til eit større næringsareal.</p> <p>5. Det er i reguleringsføresegnene stilt krav til maksimalt generert støy frå nye verksemdar. Støygrensene er basert på næraste bustadhus.</p>

<p>Harald Matre Einleitevegen 20 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Meiner det bør gjennomførast ope informasjonsmøte med orientering om saka da dette kan få stor verknad på lokalsamfunnet. 2. Er positiv til utvikling på næringsområdet, men er uroa for støy frå kjøling og meiner det ikkje kan akseptrast verksemder som medfører støy grunna kort avstand til bustader. 3. Dersom datasenteret vert støyfritt bør det kunne leggst til rette for leilegheitsbygg i området da det er mangel på bustader i Matre. Det er ca 100 arbeidsplassar i Matre, men ingen ledige bustader. 4. Ber om at det vert sett av areal til ladestasjon da dette er eit stort ønskje frå eigarar av fritidsbustader. Det er ca 300 fritidsbustader i Stordalen. 5. Ved reduksjon i tal avkøyrslar som foreslått, kan farten på E39 bli sett opp. Dette er ikkje ønskjeleg grunna høg fart og tungtransport som ikkje stoppar for kryssande fotgjengarar i gangfelt. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det var planlagt ope møte 23.03.2020. Grunna pålegg frå helsestyresmaktene vart dette møtet avlyst. Det er i samband med høyring av planforslaget planlagt nytt ope møte. 2. Det er utarbeidd støyfagleg rapport for planforslaget. Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemder. Ved etablering av datasenter tilseier støykrava at det må nyttast lukka kjøleanlegg/vasskjøling for å tilfredsstille støykrava. 3. Planforslaget legg ikkje til rette for nye bustader innanfor planområdet. 4. Det er på regulert parkeringsplass SPA opna opp for at det kan etablerast ladestasjon for elektriske køyretøy. 5. Det er i planforslaget lagt til rette for at fotgjengarkryssing vert flytta til nordsida av krysset mot Matre. For å kunne oppretthalde fotgjengarkryssinga kan fartsgrensa ikkje aukast til over 50 km/t.
<p>Jan-Helge Lekven Olsen Stien 36 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Saknar informasjon knytt til grunngevinga for reguleringsendringa. Har undersøkt tilsvarende saker knytt til etablering av datasenter og all informasjon tilseier at dette medfører støy. Det har vore mykje aktivitet i området dei siste åra og erfaring tilseier at støyen treff bustaden utan hindringar. Dette har vore ei plage og forstyrrende element. Saknar informasjon o forventa støy og støv og evt. avbøtande tiltak både i anleggsfasen og driftsfasen. 2. Saknar informasjon knytt til anleggsperiode og evt. nattleg støy, da dette er direkte helseskadeleg og svært belastande. 3. Ønsker avklaring om fotgjengfelt vert fjerna ved stenging av avkøyrslar til BKK. Ber om at det vert teke omsyn til mjuke trafikantar slik at dei ikkje må gå omveg for å kome til skule/jobb. Ber om at trygg skuleveg vert teke omsyn til med tanke på auka aktivitet og anleggsgjennomføring. 4. Ønsker avklaring på om klatresteinene og parkanlegget vert teke omsyn til. Området vert nytta til aktivisering og rekreasjon. Bortfall av dette vi medføre lågare trivsel for småbarnsfamiliar. 5. Ønsker avklaring på om det er tatt høgde for tap av utsikt, eigdomsverdi og evt. kompensasjon for dette. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er utarbeidd støyfagleg rapport for planforslaget. Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemder. Ved etablering av datasenter tilseier støykrava at det må nyttast lukka kjøleanlegg/vasskjøling for å tilfredsstille støykrava. For gjennomføring av anleggsarbeid vil støyretningsline T-1442 leggst til grunn. 2. For ytterlegare informasjon knytt til støy og støykrav vert det vist til støyrapporten som ligg som vedlegg til planforslaget. 3. Det er i samråd med Statens vegvesen foreslått justert plassering av fotgjengarkryssing, busstopp, samt etablert passeringslomme langs E39. Frå kryssingspunkt er det regulert fortau/gang- og sykkelveg opp mot og langs kommunal veg Steien. 4. Større delar av parken med klatresteinene og parkanlegget vert omdisponert til næringsareal. Det er nord i planområdet oppretthalddt park som formål. 5. Planforslaget legg til rette for byggehøgder på inntil 16 meter. Dette er 1 meter høgare enn vedteken reguleringsplan. Delar av terrengnivået må hevast for å trygge byggeområda mot flaum. Dette måtte også gjennomførast for nye bygg for å tilfredsstille krava i TEK17. Evt. kompensasjon/erstatning for tap av utsikt og eigdomsverdi må evt. fremjast med bakgrunn i medhald av vedteken plan.
<p>Lise Dyrhovden Matre 23 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Ber om at reguleringsendringa sikrar trygg ferdsel for mjuke trafikantar i næringsområdet, sikker kryssing av E39, lokal ferdsel mellom Litlematre og Storematre og flytting av busstopp. 2. Ved etablering av datasenter må dette konsekvensutgreiast slik at støyforureining og andre miljøendringar er med i avgjerda før evt. etablering. Matrebygda kan ikkje akseptere ei kontinuerleg forringing av livskvalitet. 3. Må vurdere plassering av datasenter og setje krav til utsjånad, storleik, materialbruk og total estetikk. 4. Planen må sikre plass til anna publikumsretta verksemder og eksisterande 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er i samråd med Statens vegvesen foreslått justert plassering av fotgjengarkryssing, busstopp, samt etablert passeringslomme langs E39. Frå kryssingspunkt er det regulert fortau/gang- og sykkelveg opp mot og langs kommunal veg Steien. 2. Det er utarbeidd støyfagleg rapport for planforslaget. Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemder. Ved etablering av datasenter tilseier støykrava at det må nyttast lukka kjøleanlegg/vasskjøling for å tilfredsstille støykrava. For gjennomføring av anleggsarbeid vil støyretningsline T-1442 leggst til grunn.

	<p>næring.</p> <p>5. framdriftsplanen er ambisiøs. Det må sikrast lokal medverknad i det vidare planarbeidet.</p>	<p>3. Plankart og reguleringsføresegner stiller krav til fysiske rammer, høgde og estetikk.</p> <p>4. Det er nord i planområdet regulert område for offentleg og privat tenesteyting. Eksisterande næringsverksemder er sikra areal for vidare drift.</p> <p>5. Det vil som del av offentleg ettersyn av planforslaget gjennomførast ope informasjonsmøte.</p>
<p>Rognald Matre Matre 51 5984 Matredal</p> <p>Datert: 15.04.2020</p>	<p>1. Viser til manglande informasjon ved oppstart av planarbeidet og meiner det burde vore gjennomført folkemøte eller formidla informasjon på anna vis.</p> <p>2. Det er kjent at datasenter kan medføre svært mykje støy jf. Dale i Vaksdal. I ei trong bygd som Matre med bratte fjell på alle kantar må aktuelt støynivå greiast ut for hele bygda. På Matre har det vore meir elle mindre støy frå diverse anleggsdrift sidan 2. verdskrig, med dei ulempene dette medfører for busette.</p> <p>3. Eit evt. datasenter vil avgrense bruken av området til andre føremål. Med ei kontinuerleg støykjelde i same området vil eit framtidig Bjørn West museum/visningssenter få eit uheldig nærmiljø og det resterande området vert mindre attraktivt til anna bruk.</p> <p>4. Ønskjer avklaring på kor mange arbeidsplassar ei slik bedrift vil tilføre kommunen, lokalt på Matre sett bort frå utbyggingsperioden. Dette må vurderast opp mot ulempene.</p> <p>5. Eit evt. datasenter med høgde på 18 meter og der ein må rekne med kontinuerleg støy bør ikkje plasserast langs E39, både av estetiske og støymessige årsaker. Anlegget må evt. plasserast bak på området mot fjellet.</p>	<p>1. Det vart som erstatning for planlagt informasjonsmøte 23.03.2020 sendt ut presentasjon til varsla naboar. Presentasjonen vart også publisert på Masfjorden kommune sine heimesider. Som del av offentleg ettersyn av planforslaget vil det gjennomførast ope informasjonsmøte.</p> <p>2. Det er utarbeidd støyfagleg rapport for planforslaget. Reguleringsføresegnene stiller krav til maksimalt generert støy frå nye verksemder. Ved etablering av datasenter tilseier støykrava at det må nyttast lukka kjøleanlegg/vasskjøling for å tilfredsstille støykrava. For gjennomføring av anleggsarbeid vil støyretningsline T-1442 leggest til grunn.</p> <p>3. Det er nord i planområdet regulert område for offentleg og privat tenesteyting. Det er innanfor dette arealet lagt til rette for framtidig publikumsretta visningssenter.</p> <p>4. Planforslaget legg til rette for den fysiske utforminga av bygningar og anlegg. Det er på noverande stadium ikkje klarlagt eksakt kva verksemd og evt. tal på arbeidsplassar nye verksemder kan medføre. Regulerte formål legg ikkje til rette for arbeidsplassintensive verksemder</p> <p>5. Foreslått plassering for nye næringsbygg er vist i illustrasjonsplan. Kraftliner, vegar og topografi er avgrensande faktorar for utforming av byggeområda. Ved etablering av større næringsbygg er val av plassering avgrensa.</p>